



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Eirik Lyssand, 55 57 22 77

Vår dato  
20.01.2009  
Dykkar dato  
21.11.2008

Vår referanse  
2008/11823 620  
Dykkar referanse 323.00

22.01.09  
200804119 - 026

Barne- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

### Høyringsfråsegn – Forslag til endring i barnelova § 30, tredje ledd ( fysisk avstraffing av barn)


Barne- og Likestillingsdepartementet sende den 21.11.08 ut høyringsnotat med forslag til endringar i lov av 8.april nr.7 om barn og foreldre (barnelova). Høyringsfristen er 2. februar 2009.

Forslaget er ei presisering av barnelova § 30 tredje ledd. Det kjem tydeleg fram at all form for vald mot barn – både fysisk og psykisk – og når det skjer i oppdragarhensikt – er forbode i Noreg. Forslaget skal tydeleggjere rettstilstanden slik at det utrykkeleg går fram at foreldre ikkje kan bruke nokon form for fysisk vald overfor barn, heller ikkje "lettare klaps" i barneoppsedinga.


Fylkesmannen i Hordaland har ingen merknader til denne presiseringa, og sluttar seg til forslaget slik det ligg føre.

Med omsyn til om det og bør gjerast endringar i straffelova på dette punktet, meiner Fylkesmannen at straffelova, slik ho er i dag, er dekkjande for dei endringane som er føreslegne i barnelova. Det kan likevel, for å styrke barns rett til vern mot fysisk vald, vere behov for ei klargjering i straffelova.

Med helsing



Rune Fjeld e.f.  
Ass. fylkesmann



Svein Kørnerud  
Avdelingsdirektør